


FANGST OG SKJELPRØVAR I ESPEDALSELVA

Fangststatistikk

Gjennomsnittleg årsfangst i perioden 1988-2008 var 308 laks (snittvekt 3,4 kg) og 124 sjøaurar (snittvekt 1,0 kg). Før 1988 var det registrert små fangstar enkelte år, men det er ikkje kjent om dette er reelt eller skuldast manglande innrapportering. Også enkeltår etter 1988 ser det ut til å vera manglande rapportering. Dei største fangstane av både laks og sjøaure vart registrert i 2000, då det vart fanga 641 laks og 308 sjøaure. I 2008 vart det fanga 549 laks (snittvekt 5,8 kg) og 50 sjøaure (snittvekt 1,0 kg), som er mellom det dårlegaste som er registrert sidan før 1988. Den negative utviklinga i sjøaurefangstar som har vore i Espedalselva etter 2000, stemmer godt over eins med det ein har sett for resten av fylket (**figur 1**, linje). Det same er ikkje tilfelle for laks, der fangstane har halde seg oppe dei siste åra, i motsetnad til dei fleste andre elvar.



FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Espedalselva i perioden 1969-2008 (søyler). Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Linjer viser samla fangst av laks og sjøaure i resten av Rogaland.

Analysar av skjelmateriale - vekst i elv og sjø

Det har vore analysert skjelprøvar frå Espedalselva sidan 2005, og i 2008 mottok me prøvar av 14 laks (alle villaks), ingen sjøaurar. Laksane var 11 mellomlaks og 3 storlaks. Dei hadde vore 2 og 3 år i elva og gått ut som smolt ved ei snittlengd på ca. 14,5 cm.

TABELL 1. Oversikt over skjelmateriale frå Espedalselva som er analysert i åra 2005-2008.

År	Antal skjelprøvar av laks (% av fangst)	Oppdrettslaks antal og (%)	Antal skjelprøvar av sjøaure (% av fangst)
2005	1 (0,2 %)	0	0
2006	30 (8,5 %)	0	0
2007	26 (3,9 %)	2 (7,7 %)	1 (2,4 %)
2008	14 (2,6 %)	0	0

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no

